

FOLKEHØGSKOLERÅDET

Norsk Folkehøgskolelag (NF) • Noregs Kristelige Folkehøgskolelag

Folkehøgskolene
Folkehøgskoleorganisasjonene
Folkehøgskolebladene

J.nr. 176/00/rundskriv

FHSR-rundskriv 16/00
Oslo 23. august 2000

SATSAR FOR TILKALLA FORELESARAR

Den gamle regelsamlinga F-3000 opererte med honorarsatsar for tilkalla forelesarar. Departementet vil ikkje lenger koma med slike satsar. Frå fleire skolar har det kome førespurnad om kva for nivå ein bør leggje seg på dersom tilkalla forelesarar ikkje har egne satsar.

Etter drøfting med Samnemnda for NF og NKF har vi denne tilrådinga:

Vi rår til at ein nyttar dei satsane som finst i Statens Personalhandbok pkt 3.10.10C. Desse forelesingssatsane har statstenestemenn som målgruppe, men honorarnivået svarer i store trekk til det ein fann i F-3000. I Personalhandboka opererer ein med ulike vanskegrader, ulike målgrupper og om det er gjentakingsforedrag eller ikkje. Vi har forenkla dette noko:

Enklare undervisning: kr 270,- pr. time

Låg vanskegrad og lite krevjande målgruppe

Standardundervisning: kr 460,- pr. time

Ordinær vanskegrad og/eller krevjande målgruppe

Spesiell undervisning: kr 680,- pr. time

Stor vanskegrad og/eller uvanleg krevjande målgruppe

Kva for nivå ein vil leggje seg på vil vera ei vurderingssak, men satsen for standardundervisning er meint å vera den vanlege.

Vi håpar dette kan vera til hjelp for skolane

Med helsing for Folkehøgskolerådet

Leon Haugsbø /s/
leder

Odd Arild Netland,
sekretær